



Anders Valle
Hopsdalsvegen 31A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3258 - 15/31903

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
12.10.2015

Gbnr194/5 Mundal Nedre, løyve til deling av grunneigedom, tomt til bustad.

Eigedom: Gnr.194 bnr.4 Mundal Nedre
Adresse for eiged.: Hopsdalsvegen 31A
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til bustad
Heimelshavar: Anders Valle
Søker: Anders Valle

Saka gjeld:

Søker ynskjer å skilje ut tom tomter for bustadføreml frå gnr.194 bnr.5. Areala ligg nedst i Hopsdalen. Tomt 1 er 1500m² og tomt 2 er 1100m².

Planstatus/dispensasjonar:

Området er regulert i godkjend reguleringsplan frå 07.02.2002. Reguleringsplanen syner tomtedeling og byggegrenser. Det er synt tre tomter. No er det to av desse som ein vil dele frå. I planen er desse kalla tomt 2 og 3, men no kallar søker dei tomt 1 og 2.

Det er ikkje naudsynt med dispensasjon i denne saka. Tiltaket er i samsvar med planen.

Det er ikkje naudsynt å handsame spørsmålet om deling etter jordlova §12, sidan arealet alt er teke til anna føremål i godkjend plan.

Nabovarsel:

Naboane er varsla og det har ikkje komme merknadar.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Det er avkøyring til kommunal veg. Løyve til avkøyring er gjeve i samsvar med reguleringsplanen.

Det vert etablert privat felles vassverk og privat felles avløp, i samsvar med planen.

Det er ikkje naudsynt i denne saka og innhente uttale frå andre mynde.



VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå to tomter til bustadføre mål frå gnr.194 bnr.5, slik det er søkt om. Tomt 1 er 1500m² og tomt 2 er 1100m². Tomtene er synt på vedlegg 2 til søknad motteke i kommunen 07.09.2015.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av to tomter til bustadføre mål, i samsvar med godkjend reguleringsplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21.9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret 11.12.2014 gjeldande frå 01.01,2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan kr.3400,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Anders Valle

Hopsdalsvegen 5915
31A

HJELMÅS